



Christian Vatnelid

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1211 - 18/9556

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
02.05.2018

Godkjenning av søknad om dispensasjon frå forbud om motorisert ferdsel på Rylandsvatnet

Administrativt vedtak. Saknr: 97/2018

Saksutgreiing:

Christian Vatnelid søker i brev dagsett 02.05.2018 om løyve til å nytte båt med motor på Rylandsvatnet. Søklar eig ein fritidseigedom Gnr. 43 bnr. 58 på Ryland. Eigedommen er veglaus, og i samband med naudsynt ved likehald av hytta søker dei om løyve til bruk av motorisert ferdsel på Rylandsvatnet. Dei søker om å få nytte båt for å frakte naudsynt materiell inn til hytta der vindua skal skiftast. Eigedommen ligg over 300 meter i frå nærmaste veg. Tiltaket skal gjerast i løpet av helga 4-6. mai, og det vil vere eit mindre tal turar i løpet av fredag 4. mai.

Søklar fekk i 2015 og 2017 løyve til å nytta båt til transort av matrialer i samband med vedlikehald av taket på hytta.

Vurdering:

Forskrift for bruk av motorfartøy i Rylandsvassdraget § 1 sett eit generelt forbod mot bruk av motorfartøy. Forskrifta opnar vidare for generelle unntak frå forbodet i §§ 2 og 3, men det omsøkte tiltaket fell ikkje inn under unntaka. Kommunen kan gje løyve til bruk av motorfartøy etter søknad med heimel § 5 i den lokale forskrifta. Løyve etter § 5 i den lokale forskrifta skal gjevast i medhald av § 6 i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag. I motorferdselslova § 6 står det at når særlege grunnar føreligg, kan kommunen gjeve løyve til bruk av motorfartøy som elles ikkje kan finne sted etter denne lov eller med heimel i lova.

Administrasjonen har vurdert det til at transport av materialar som trongs til naudsynt vedlikehald av hytta fell inn under særlege grunnar. Hytta ligg så lang unna veg at det vil vorte ein mykje meir krevjande oppgåve dersom ein ikkje får nytta motorbåt. Administrasjonen vurderer det slik at eit løyve til transport av

materialar ikkje vil medføra ein auka belastning eller støy knytt til bruken av motorfartøy i vatnet dersom det gjerast innan den planlagde tidsramma med eit lite tal turar.

Søknaden er vurdert i høve til naturmangfaldslova (NML) §§ 8-12, jf. § 7. Etter gjennomgang av registrerte naturverdiar i artskart og naturbase, meiner administrasjonen at eit løyve til bruk av motorfartøy ikkje vil føre til negative konsekvensar for miljøverdiane (jf. § 8). Føre-var-prinsippet gjer seg ikkje gjeldane i saka, då det foreligg tilstrekkeleg kunnskap om tiltaket jf. § 9. Eit løyve til bruk av motorfartøy i ein tidsavgrensa periode vil heller ikkje føre til ein økt samla belastning for området (jf. § 10). Administrasjonen påpeiker at søkjar er pliktig til å taka omsyn til miljøet ved ein gjennomføring (jf. §§ 11 og 12). Etter ein samla vurdering meiner administrasjonen at løyve til motorferdsel ikkje er i strid med prinsippa i NML §§8-12.

Etter ei samla vurdering vil administrasjonen gå inn for å gje dispensasjon frå forbodet om motorisert ferdse i Rylandsvatnet, da grunnlaget for søknaden er i tråd med lovverket og ikkje vil medføre ein auka belastning da det vil vere avgrensa i tid.

Vedtak

«Meland kommune gjev Christian løyve til å bruke motorfartøy på Rylandsvatnet til nyttekjøring av materiell i samband med vedlikehald av deira hytte, på eigedom Gbnr. 43/58 på Ryland i Meland kommune. Løyvet gjeld kunn 04.05.2018. Det skal ikkje nyttast større motor enn 10 HK og farten må ikkje overstige 5 knop (1 knop tilsvarer 1,825 km/t), jf. § 4 i forskrift for bruk av motorfartøy i Rylandsvassdraget.

Vedtaket har heimel i forskrift for bruk av motorfartøy i Rylandsvassdraget §5.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Christian Vatnelid